

## Planlegging

### Fase 1

- Gjennomfør oppstartsmøte med partnaren og formuler oppdraget: Sjå *Sjekkliste for etablering av nytt Lektor2-samarbeid*.
- Bruk planleggingsarket som du finn på [lektor2.no](http://lektor2.no) under *Lærerressurser*. Dette er eit arbeidsverktøy som gir deg god oversikt over dei ulike tinga de må tenke på før gjennomføringa av Lektor2-opplegget.
- Bestem tidspunkt for gjennomføring, og avklar datoar med partnaren.

## Gjennomføring

### Fase 2

- Partnaren presenterer oppdraget for elevane. Diskuter med elevane: Kva er det eigenleg dei skal gjere? Kva inneheld ei god løysing på oppdraget?
- Elevane jobbar med oppdraget. Hjelp elevane å kople dei ulike aktivitetane dei gjennomfører til oppdraget: Kvifor treng vi å lære dette?
- Partnaren bidrar med ekspertisen sin der det er nødvendig.
- Elevane leverer avtalt sluttprodukt: rapport, presentasjon, anbod e.l. til partnaren.

## Evaluering

### Fase 3

- Elevane reflekterer over kva dei har vore med på: Kva har vi lært? Forskjellar og likskapar mellom måten vi jobba på og måten dei jobbar på i arbeidslivet?
- Avklar kven på skolen som har ansvaret for evaluering og forbetring av opplegget. Skriv ned kva som fungerte og kva som må bli betre. Nødvendige dokument må vere tilgjengelege for alle.
- Evalueringssmøte mellom partnaren, skolen og ev. koordinator. Vi anbefalar at lærarane som skal overta kommande skoleår blir med på møtet. Avtal omtrentleg tidspunkt for gjennomføringa neste år.
- Lærarane fyller ut rapporterings-skjema på [lektor2.no](http://lektor2.no).